

# Sluttrapport – Matre idrettsbane og nærmiljøanlegg

## BAKGRUNN INVESTERINGSPROSJEKTET

Frå handlingsplanen til kommunedelplan for Idrett og fysisk aktivitet vedteke som sak KS-118/12 den 11.12.2012 finn ein:

### B Nærmiljøanlegg

1. Matre skule, fritidspark
2. [...]

Frå handlingsplanen til kommunedelplan for Idrett og fysisk aktivitet vedteke som sak KS-073/2014 den 11.12.2014 finn ein:

### A Ordinære anlegg

1. Matre symjebasseng
2. Kunstgras på idrettsbana på Matre
3. Kunstdekke på løpebana på Matre idrettsanlegg
4. [...]

### B Nærmiljøanlegg

1. Fleirbruksanlegg Matre idrettsbane
2. [...]

## Spelemiddelsøknader

- Matre skule, aktivitetsområde (søknad 1a – klatrenett mm)
  - o Søknad om spelemidlar til idrettsanlegg for Matre skule dagsett 14.01.2013
  - o Tilsegn om ordinære midlar dagsett 10.06.2013 – kr 200 000
- Fleirbruksanlegg idrettslaget BW (søknad 2)
  - o Søknad om ordinære nærmiljøanlegg frå Bjørn West IL dagsett 15.01.2014
  - o Tilsegn om ordinære midlar dagsett 08.06.2015 – kr 300 000
- Kunstgrasdekke på fotballbana (søknad 3)
  - o Fornyng av søknad om spelemidlar til idrettsanlegg frå Masfjord FL dagsett 15.12.2014
- Kunstdekke på løpebana (søknad 1b og 1c)
  - o Fornyng av søknad om spelemidlar til idrettsanlegg frå Bjørn West IL dagsett 15.12.2014 (1b) inkludert grunnarbeid, dekke og fallunderlag for klatrenettet mm (1c-nærmiljøanlegg)

## Kommunestyrevedtak

Masfjorden kommunestyre gjorde den 19.02.2015 som sak 013/2015 følgjande vedtak:

1. Masfjorden kommune gjev eit tilskot med kr. 300.000,- over kraftfondet som medfinansiering av idretts- og aktivitetsanlegg Matre, til delprosjekta friidrettsbane, fleirbruksanlegg og fotballbane.
2. Masfjorden kommune tek ansvar for oppføring og finansiering av nærmiljøanlegg med ein brutto kostnad på kr. 826.000,-, og nettokostnad kommunen med 346.000. Tiltak vert innarbeidd i investeringsbudsjettet ved saldering av 2015 budsjettet.
3. Masfjorden kommune stiller garanti for lån, fordelt med inntil kr. 1.000.000 IL Bjørn West og inntil kr. 2.000.000 Masfjorden fotballag (spesifisering av KS vedtak 86/14).

4. Det vert sett ned ei prosjektgruppe med medlemmar frå Bjørn West IL, Masfjord Fotballag og Masfjorden Kommune for å styre og gjennomføra prosjektet jf. elles kommunen sitt økonomireglement vedk. investeringsprosjekt.
5. Masfjorden kommune kan forskottere nokre av delkostnadene til il/fotballaget etter nærare avtale mellom partane

## FINANSIERING

**Matre skule, aktivitetsområde:** tal henta frå »Søknad om spillemidler til idrettsanlegg» registrert dato: 2013-01-14 samt vedlegg til søknad –«Kostnadsoverslag». Denne søknaden tok ikkje høgde for grunnarbeid som måtte på plass før fallunderlag og klatrenett kunne monterast. Denne delen vart difor innarbeidd i BW sin søknad om kunstdekke på løpebana (del b og c).

<u>Kostnader</u>	<b>Søknad (del a)</b>
<b>Kva</b>	<b>Klatrenett mm</b>
Utstyr (Klatrenett og fallunderlag)	155 000
Montering / grunnarbeid	200 000
Transport	10 000
<b>Sum eks mva</b>	<b>365 000</b>
mva	91 250
<b>Sum kostnad inkl mva</b>	<b>456 250</b>
Dugnad	15 000
Gåver/rabatt	
<b>Totalkostnad</b>	<b>471 250</b>
<hr/>	
<b><u>Finansiering</u></b>	
Spelemidler	200 000
Eigenandel kommune	110 000
Andre	55 000
Dugnad	15 000
Gåver/rabatt	
Mva ref	91 250
<b>SUM Finansiering</b>	<b>471 250</b>

**Kunstdekke på løpebana** inkludert grunnarbeid, dekke og fallunderlag for klatrenett mm (søknad 1): tal henta frå »Søknad om spillemidler til idrettsanlegg» registert dato: 2014-12-14 samt vedlegg til søknad frå 2014 – «Kostnadsoverslag». Kostnadstala er henta frå den opphavlege søknaden levert i 2014. Tala for finansiering vart oppdatert gjennom fornying av søknaden for 2015 og det er desse tala som er nytta i tabellen under.

I den kommunale rekneskapan er kostnadane ført på to prosjekt; friidrettsbane BW (prosjektnr 711) og nærmiljøanlegg MK (prosjektnr 710), men i spelemiddelrekneskapan er dette ein søknad og eit rekneskap.

**Fleirbruksanlegg idrettslaget BW** (søknad 2): tal henta frå »Søknad om spillemidler til idrettsanlegg» registert dato: 2014-01-15 samt vedlegg til søknad – «Kostnadsoverslag».

**Kunstgrasdekke på fotballbana** (søknad 3): tak henta frå »Søknad om spillemidler til idrettsanlegg» registert dato: 2014-12-14 samt vedlegg til søknad frå 2014– «Kostnadsoverslag». Kostnadstala er henta frå den opphavlege søknaden levert i 2014. Tala for finansiering vart oppdatert gjennom fornying av søknaden for 2015 og det er desse tala som er nytta i tabellen under.

<b>Kostnader</b>	<b>Søknad 1 (b og c)</b>		<b>Søknad 2</b>	<b>Søknad 3</b>
	<b>Fríidrettsbane (BW)</b>	<b>Nærmiljøanlegg (MK)</b>	<b>Fleirbruksanlegg (BW)</b>	<b>Fotballbane (MFL)</b>
<b>Kva</b>				
Dekke	407 330	308 671	396 750	1 712 310
Asfalt	115 000	89 470	115 000	23 864
Skraping	24 500		24 500	228 000
Drenering	22 259			
Lys				315 000
Fangnett				146 000
Utstyr			33 000	125 000
Anna				
Fellesanlegg				46 500
<b>Sum eks mva</b>	<b>569 089</b>	<b>398 141</b>	<b>569 250</b>	<b>2 596 674</b>
mva	142 272	99 535	142 313	649 169
<b>Sum kostnad inkl mva</b>	<b>711 361</b>	<b>497 676</b>	<b>711 563</b>	<b>3 245 843</b>
Dugnad	10 000		5 000	120 000
Gåver/rabatt	53 130	40 261	51 750	256 846
<b>Totalkostnad</b>	<b>774 491</b>	<b>537 937</b>	<b>768 313</b>	<b>3 622 689</b>
<b>Finansiering</b>				
Spelemidler	398 115	81 662	300 000	1 075 713
Eigenandel kommune		345 844		
Eigenandel BW IL	268 510		269 250	
Eigenandel Fotballaget				1 374 167
Andre				500 000
Dugnad	10 000		5 000	60 000
Gåver/rabatt	53 130	40 261	51 750	217 260
Mva ref	142 272	99 535	142 313	
<b>SUM Finansiering</b>	<b>872 027</b>	<b>567 302</b>	<b>768 313</b>	<b>3 227 140</b>

## ADMINISTRASJON (jf 18.8 i økonomireglementet)

Etter kommunestyrevedtaket nemnd over vart rådgjevar Anne Kristin Rafoss og rådgjevar Alf Strand utpeikt til å vere i styringsgruppa saman med rådmann. Rafoss vart og utpeikt til å gå inn i prosjektgruppa saman med representantar frå fotballaget og Idrettslaget Bjørn West. Det var ei føresetnad frå rådmann inn mot prosjektgruppa at kommunen skulle ha prosjekt-leiaransvaret. Dette medførte ei habilitetsutfordring då Rafoss er gift med leiar i Idrettslaget Bjørn West. Etter samtale med revisjon, vart ein einige om å lage til eit skriv der det vart gjort greie for dette og at den som underteikna dette skrivet (vedlegg 1) stadfesta at dei var gjort merksam på habilitetsutfordringa.

## ANBODSPERIODE

Arbeidet i prosjektgruppa starta umiddelbart etter kommunestyrevedtaket nemnd over. Sidan kommunen alt hadde fått tilsegn om spelemidlar til nærmiljøanlegget, var leikeapparata alt tinga då arbeidet i prosjektgruppa starta opp. Dette innkjøpet stettar ikkje reglane om offentleg innkjøp. Det vart raskt avklart at det ikkje var tinga montering av leikeapparata. Styringsgruppa avgjorde av montering skulle gjerast av fagfolk grunna forsikring og ansvar og tinga dette arbeidet frå same leverandør som skulle levere leikeapparata. Isolert sett er monteringskostnaden under lågaste terskelverdien gitt i reglande om offentleg innkjøp og kunne direkte innkjøpast.

Fotballaget og Idrettslaget hadde alt arbeidd med prosjekta ei stund då prosjektgruppa starta opp og bindande pris på kunstgras og kunstdekke var henta inn. Sidan dette ikkje vart gjort etter reglande om offentleg innkjøp, vart det bestemt at fotballaget og idrettslaget skulle betale heile rekninga frå hovudleverandør (også kommunen sin del). Kommunen skulle i staden betale alt grunnarbeid og asfaltering.

Grunnarbeid vart delt i to; skraping og avretting. Ein munnleg prisførespurnad for desse tenestene viste at ein ikkje ville kome over lågaste terskelverdi gitt i reglande om offentleg innkjøp. Tenestene skraping og avretting vart difor direkte innkjøpt. Bortkøying av overskotsmassar vart gjort på dugnad.

For tenesta asfalterting vart det sendt ut prisførespurnad til tre aktuelle leverandørar. Ein leverandør leverte tilbod, ein melde tilbake at han ikkje hadde kapasitet på det aktuelle tidspunkt og ein svarte ikkje. (vedlegg 2 innkjøpsprotokoll)

Styringsgruppa avgjorde at det skulle fyllast ny sand i hoppegropa sidan denne naturleg ville vere ein del av friidrettsanlegget. Sanden vart direkte innkjøpt.

## BYGGEPERIODE

Arbeidet starta opp 13.april 2015. Skrapinga og bortkøying av massar tok 3 dagar. Avrettinga vart stadig utsett og starta opp 30.april. Grunna denne utsettinga vart og montering av leieapparat og asfalteringa utsett. Stadige utsettingar førte til slutt til at hovudleverandør for kunstdekke og –gras måtte prioritere andre prosjekt i region før vårt, då ein minst må vente

14 dagar frå asfalten er lagt til ein kan legge på kunstdekke. Ein treng og ein asfaltkant å legge kunstgraset inn til.

Først då avrettinga var i slutfasen, vart det oppdaga eit unaturleg lågbrekk nær skulen. For å få til ei naturleg avrenning av nedbør frå nærmiljøanlegg til kum og for at ein ikkje skulle får ein «bratt» løpebane i svingen, måtte det tilførast massar og avrettast meir enn det som var avtalt. Om lag heile kostnaden for skraping og avretting var som avtalt og er fordelt på dei ulike prosjekta etter areal. Ekstrarekninga på 27 000 er ført på prosjekt 710 nærmiljøanlegg Masfjorden kommune og er ein del av kostnadane knytt til spelemiddelsøknad 1.

Sidan fleire av leikeapparata sine fundament skulle støypast opp til 1 m ned i grunnen, vart det avtalt at graving og støyping skulle skje før asfaltering. Den dagen apparata var lova levert, fekk prosjektleiar melding om at eit av apparata endå ikkje var sendt frå England. Ein måtte då ta asfaltering over to dagar noko som førte til ekstra kostnader på kr 6 000 for tilrigging. Denne kostnaden er ført på prosjekt 710 nærmiljøanlegg Masfjorden kommune.

Før asfaltering måtte alle mål for nærmiljøanlegg, fotballbane med sikringssone, løpebane og klatrestativ merkast på bana. Avrettinga var ferdig 5.mai og asfalteringa starta 13.mai. Prosjektgruppa hadde nok litt for dårleg utstyr til denne jobben for ein oppdaga «feilmålingar» seinare i prosjektet. Heile asfaltrekninga var innafor budsjett og fordelt på dei ulike prosjekta etter areal. I tillegg til areala som er omfatta av tippemiddelsøknaden, har ein eit areal mellom løpebana og gjerde som og vart asfaltert etter avgjerd i styringsgruppa. Det var bare spelemiddelsøknad 3 som hadde budsjettert med denne kostnaden, men prosjektgruppa fann det rett å fordele denne på dei forskjellige prosjekta under nemninga fellesanlegg.

Arbeidet med å legge kunstgras starta 27.mai. Pga «feilmåling» nemnd over, vart det forlite kunstgras og dette vart etterbestilt. Ekstrakostnaden vart på kr 13 113 og er ført på prosjekt 713. Pga ustabil ver – ein må ha opphaldsver for å lime kunstgras – vart ikkje arbeidet ferdigstilt før 6.juni.

Arbeidet med å legge kunstdekke i nærmiljøanlegga og løpebanetraseen starta 29.juni. Pga «feilmåling» og at arealet for løpebana var større enn det arealet det var gitt pris på, vart det forlite tartan og dette vart etterbestilt. At arealet var større skuldast delvis ein reknefeil men og at det på teikningane av anlegget var konstruerte svingar på løpebane, mens prosjektgruppa gjekk for manuelt merka svingar som utnytta det tilgjengelege arealet fullt ut. Dette gjer inn- og utgang av svingane på løpebana litt krappare enn standardmåla for slike anlegg, men sjølve løpebana vart lenger med denne måten å gjere det på. Totalkostnadane med kunstdekket vart ført på dei ulike prosjekta (710, 711 og 712) etter areal. Det var ustabil ver og denne perioden – ein må ha opphaldsver for å legge tartan - og arbeidet vart ikkje ferdigstilt før 9.juli inkludert merking av løpebanar og tennisbane. Etter avtale med leverandør og dei arbeidsfolka som la kunstdekket, vart asfalten utafør løpebana mot gjerdet spraya raud for å gje ein heilskap for anlegget. Detta kosta 40 000,- og er ikkje ført på nokon av prosjekta, men vert rekna som ekstraarbeid betalt av Masfjorden kommune.

Hoppegropa fekk ny sand. Kostnaden med denne er ført som ekstraarbeid (betalt av Masfjorden kommune), mens kostnadane med kunstdekket i tilløpet er innbakt i dei tre andre prosjekta.

Leikeapparata vart ferdig montert 13.aug og kostnaden var innafor avtale.

Anlegget vart opna 14.aug 2015.

---

Spelemiddelsøknad 3 inneheld fangnett og nytt lysanlegg. Etter synfaring og møte i prosjektgruppa våren 2016 vart det bestemt å sette opp eit to meter gjerde oppå det eksisterande gjerde for å ta dei fleste av ballane som fer på sjøen frå fotballbana og tennisbana. Dette arbeidet vart utført rett etter skuleslutt sommaren 2016. Nytt lysanlegg vart montert i august 2016 i dei eksisterande stoplane.

Prosjektgruppa ønska ikkje eit høgt gjerde mot Matrebygda (og –elva) men foreslo at ballane som får over dette gjerde eventuelt skulle stoppast i elvekanten. Dette skal etter avtale ordnast av HI ved beplanting eller ein låg planke. Prosjektgruppa ønskte og at det vart etablert opningar i gjerde mot bygda (bak lysstolpane) for å unngå at det eksisterande gjerde vart øydelagt når ein hoppa over for å hente dei ballane som landa på arealet mellom bana og vegen. Dette vart utført i november 2016.

Prosjektgruppa hadde sitt siste møte 22.11.2016 der anlegga vart overført til Matre skule, Bjørn West IL og Masfjord Fotballag som no vert ansvarleg for vedlikehaldet.

## SLUTTREKNESEKAP SPELEMIDDELSØKNADANE

### Matre skule, aktivitetsområde (søknad 1a – klatrenett mm):

<b>Kva</b>	<b>Rekneskap Klatrenett (MK)</b>	
Dekke	122 580	Dekke: fallunderlag under leikeapparata (karuselldisse og zip-line).
Asfalt	39 300	Asfalt: asfalten som ligg under fallunderlag nemnd over. Det er ikkje asfalt under klatrenettet; der er det dobbelt lag med kunstdekke for å stette krava til fallunderlag for dette apparatet.
Utstyr inkl montering	141 110	
<b>Sum eks mva</b>	<b>302 990</b>	
mva	75 748	mva: MK har betalt kr 53 864 IL BW har betalt kr: 21 883
<b>Sum utgift inkl mva</b>	<b>378 738</b>	
Dugnad	15 000	Dugnad: dokumenterte kostnader frå potensiell leverandør på arbeid som er utført på dugnad
Rabatt/gåve	116 172	Rabatt/gåve: Gåver frå Helselaga i Indrefjorden ført i kommunerekneskapen 2013 samt 15% rabatt på kunstdekket frå leverandør.
<b>Totalkostnad</b>	<b>509 910</b>	
<b>Finansiering</b>		
Spillemidler	200 000	Eigenandel kommune: frå spelemiddelsøknad er det angitt kommunal eigenandel på kr 200 000 inkl mvakomp. Beløpet er ikkje finansiert gjennom eige k-styrevedtak.
Eigenandel kommunen	102 990	
Dugnad	15 000	
Rabatt/gåve	116 172	
mva ref	75 748	
<b>SUM Finansiering</b>	<b>509 910</b>	

Rekneskapen med vedlegg og bilag vart oversendt revisjon 8.juli 2016. Revisjonsuttale og signert rekneskapssamandrag vart motteke 06.10.2016. Spelemidlane – kr 200 000 – er utbetalt til kommunen den 26.06.2017.

### Kunstdekke på løpebana (søknad 1b og 1c)

Kva	Rekneskap Friidrettsbane (BW) 711	
Dekke	673 335	Dekke: kunstdekke i løpebanetraseen og i halvsirkelen mellom fotballbana og løpebana i skulesvingen.
Asfalt	190 500	Asfalt: asfalten som ligg under kunstdekket.
Skraping	68 978	Skraping: avskraping av «mosedekket» og skraping / avretting av dekke for å stette krav til avrenning.
Fellesanlegg	58 412	Fellesanlegg: fordelte kostnader for skraping / asfaltering for areal utafor anlegga med innafør gjerde.
<b>Sum eks mva</b>	<b>991 225</b>	
mva	247 806	mva: MK har betalt kr: 79 472 IL BW har betalt kr: 168 334
<b>Sum utgift inkl mva</b>	<b>1 239 031</b>	
Dugnad	10 000	Dugnad: dokumenterte kostnader frå potensiell leverandør på arbeid som er utført på dugnad.
Rabatt/gåve	101 000	Rabatt/gåve: 15% rabatt på kunstdekket frå leverandør.
<b>Totalkostnad</b>	<b>1 350 032</b>	
<b>Finansiering</b>		
Spelemidlar	450 011	
Eigenandel kommunen	338 649	Eigenandel kommune: jf pkt 2 i k-vedtak 013/2015
Eigenandel BW IL	899	Eigenandel BW IL: rekneskapsmessig justert.
Andre	201 667	Andre: Del av gåver frå BKK (kr 250 000), Helselaga i Indrefjorden (kr 70 000) og Matre bygdelag (kr 50 000) + medfinansiering på 300 000 over Kraftfondet, jf k-vedtak 013/2015 rekneskapsmessig justert.
Dugnad	10 000	
Rabatt/gåve	101 000	
mva ref	247 806	
<b>SUM Finansiering</b>	<b>1 350 032</b>	

Rekneskapan med vedlegg og bilag vart oversendt revisjon 14.september 2016.

Revisjonsuttale og signert rekneskapsamandrag vart motteke 30.09.2016. Denne

spelemiddelsøknaden er fornya i 2017 med kostnadstal henta frå rekneskapan over.



Fleirbruksanlegg idrettslaget BW (søknad 2)

<b>Kva</b>	<b>Rekneskap Fleirbruksanlegg (BW) 712</b>	
Dekke	332 694	Dekke: kunstdekke i halvsirkelen mellom fotballbana og løpebana i HI-svingen.
Asfalt	111 900	Asfalt: asfalten som ligg under kunstdekket.
Skraping	14 235	Skraping: avskraping av «mosedekket» og skraping / avretting av dekke for å stette krav til avrenning.
Anna / Utstyr	17 720	Anna/Utstyr: tennisnett
Fellesanlegg	19 471	Fellesanlegg: fordelte kostnader for skraping / asfaltering for areal utafor anlegga med innafør gjerde.
<b>Sum eks mva</b>	<b>496 019</b>	
	mva	mva: MK har betalt kr: 36 401 IL BW har betalt kr: 87 604
<b>Sum utgift inkl mva</b>	<b>620 024</b>	
Dugnad	5 000	Dugnad: dokumenterte kostnader frå potensiell leverandør på arbeid som er utført på dugnad.
Rabatt/gåve	49 904	Rabatt/gåve: 15% rabatt på kunstdekket frå leverandør.
<b>Totalkostnad</b>	<b>674 928</b>	
<b>Finansiering</b>		
Spelemidlar	300 000	
Eigenandel BW IL		
Andre	196 019	Andre: Del av gåver frå BKK (kr 250 000), Helselaga i Indrefjorden (kr 70 000) og Matre bygdelag (kr 50 000) + medfinansiering på 300 000 over Kraftfondet, jf k-vedtak 013/2015 rekneskapsmessig justert.
Dugnad	5 000	
Rabatt/gåve	49 904	
	mva ref	
<b>SUM Finansiering</b>	<b>674 928</b>	

Rekneskapen med vedlegg og bilag vart oversendt revisjon 6.oktober 2016. Revisjonsuttale og signert rekneskapsamandrag vart motteke 07.10.2016. Spelemidlane – kr 300 000 – er utbetalt til kommunen den 05.05.2017.

### Kunstgrasdekke på fotballbana (søknad 3)

<b>Kva</b>	<b>Rekneskap Fotballbane (MF) 713</b>	
Dekke	1 753 923	Dekke: kunstgras på fotballbana
Asfalt	12 051	Asfalt: skjæring av asfaltkant.
Skraping	96 175	Skraping: avskraping av «mosedekket» og skraping / avretting av dekke for å stette krav til avrenning.
Lys	215 419	
Fangnett / gjerde	79 775	Fellesanlegg: fordelte kostnader for skraping / asfaltering for areal utafor anlegga med innafør gjerde.
Fellesanlegg	38 941	
<b>Sum eks mva</b>	<b>2 196 285</b>	
		mva: MK har betalt kr: 36 792 MFL har betalt kr: 458 425 IL BW har betalt kr: 53 855
mva	549 071	
<b>Sum utgift inkl mva</b>	<b>2 745 356</b>	Dugnad: dokumentert utført dugnad
Dugnad	29 040	Rabatt/gåve: 15% rabatt på kunstdekket frå leverandør.
Rabatt/gåve	263 088	
<b>Totalkostnad</b>	<b>3 037 484</b>	
<b>Finansiering</b>		
Spillemidler	911 245	
Eigenandel kommunen		Eigenandel Fotballaget: rekneskapsmessig justert.
Eigenandel BW IL	215 419	Andre: Mohnfondet (kr 500 000), del av gåver frå BKK (kr 250 000), Marine Harvest (kr 100 000)
Eigenandel Fotballaget	197 305	medfinansiering på 300 000 over Kraftfondet, jf k-vedtak 013/2015 rekneskapsmessig justert.
Andre	872 315	
Dugnad	29 040	
Rabatt/gåve	263 088	
mva ref	549 071	
<b>SUM Finansiering</b>	<b>3 037 484</b>	

Rekneskapen med vedlegg og bilag vart oversendt revisjon 27.mars 201. Revisjonsuttale og signert rekneskapsamandrag vart motteke same dag. Denne spelemiddelsøknaden er fornya i 2017 med kostnadstal henta frå rekneskapen over.

## SLUTTOPPGJER PROSJEKT MATRE STADIUM

Oppsummert kostnadsrekneskap for prosjektet i tabellen under viser eit avvik frå budsjett eks mva på 0,35 %. Då er alt tilleggsarbeid og tatt med.

konto	budsjett	inntekter	kostnader
Utbetring av anlegg	345 759		179 388
Material anna	3 168 395		3 406 304
Leikeutstyr /utstyr	158 000		222 830
Gjerde / Lys	446 000		295 194
Spelemidlar		1 861 257	
Andre / pengegåver		1 270 000	
Eigenandel		972 459	
	<hr/>	<hr/>	<hr/>
	4 118 154	4 103 716	4 103 716

Av kostnadane ført på Utbetring av anlegg og Material anna har Masfjorden kommune betalt kr 293 406 for IL Bjørn West, mens IL Bjørn West har betalt kr 332 694 for Masfjorden kommune. For kostnader ført på prosjektet må Masfjorden kommune difor tilbakebetale kr 39 289 til IL Bjørn West.

IL Bjørn West har lånt kr 1 000 000 av Masfjorden kommune. Overførte spelemidlar frå Hordaland fylkeskommune (forskottert av Masfjorden kommune) er kr 300 000. Forventa overførte spelemidlar frå Hordaland fylkeskommune (forskottert av Masfjorden kommune) er kr 373 409. Mva-kompensasjon (forskottert av Masfjorden kommune) er kr 331 676.

Nedbetaling av lånet vert då slik:

• Kostnader til fråtrekk:	39 289,-
• Spelemidlar utbetalt til kommunen:	300 000,-
• Forventa utbetalte spelemidlar til kommunen	373 409,-
• Mva-komp tilbakebetalt til kommunen frå BW:	331 676,-
• Til gode frå kommunen:	<u>- 44 374,-</u>
	1 000 000,-

Av kostnader ført på Utbetring av anlegg og Material anna har Masfjorden kommune betalt kr 149 409 for Masfjord Fotballag. For kostnader ført på prosjekt må Masfjord Fotballag tilbakebetale kr 149 409 til Masfjorden kommune.

Masfjord fotballag har lånt kr 1 500 000 av Masfjorden kommune. Forventa overførte spelemidlar frå Hordaland fylkeskommune (forskottert av Masfjorden kommune ) er kr 911 245. Mva-kompensasjon (forskottert av Masfjorden kommune) er kr 458 425. Masfjorden kommunestyre har gitt eit tilskot på kr 300 000 over kraftfondet (k-vedtak 013/2015 pkt 1), fordelt likt på dei 3 delprosjekta. I spelemiddelrekneskapen er dette tilskotet fordelet slik

intensjonen i vedtaket er. No når alt er betalt og låna skal innfriast, finn Masfjord fotballag og IL Bjørn West der riktig at heile tilskotet går til fotballaget. Nedbetaling av lånet vert då slik:

• Kostnader i tillegg:	-149 403,-
• Spelemidlar utbetalt til kommunen:	911 245,-
• Mva-komp tilbakebetalt til kommunen frå MFL:	458 425,-
• Tilskot frå kraftfondet:	300 000,-
• Til gode frå kommunen:	<u>- 20 267,-</u>
	1 500 000,-

## EIGARSAK OG AVTALAR

Arealet der Matre Idrettsbane og nærmiljøanlegg ligg, er i privat eige. Arealet er nært knytt til Matre skule. Følgjande avtalar som regulerer leige og bruk av arealet det Matre Idrettsbane og nærmiljøanlegg er utarbeidd og signert:

- avtale mellom grunneigarane og Il Bjørn West om leige av grunn til heile anlegget og høve til framleie
- avtale mellom Il Bjørn West og Masfjord Fotballag om leige av grunn til fotballbane
- avtale mellom er Il Bjørn West og Masfjorden kommune om leige av grunn til nærmiljøanlegget nær skulen samt høve for skulen til å nytte resten av anlegget (løpebana og tennisbana). Denne avtalen regulerer og kommunen sin vedlikehalds- plikt for deler av anlegget
- avtale mellom Masfjord Fotballag og Masfjorden kommune som gjev skulen høve til å nytte fotballbana

Eigarforholda til anlegga som utgjer Matre Idrettsbane og nærmiljøanlegg er:

- Masfjorden kommune eig nærmiljøanlegget i halvsirkel nærast Matre skule samt restarealet mellom kunstdekke på løpebana og gjerdet
- Masfjorden kommune eig hoppegropa
- Masfjorden kommune eig gjerdet rundt anlegget
- Il Bjørn West eig løpebana og fleirbruksanlegget i halvsirkel i aust inkludert tennisnett.
- Masfjord fotballag eig kunstgrasbana inkludert fotballmåla

Det er utarbeidd ein driftsavtale mellom Masfjord Fotballag, Il Bjørn West og Masfjorden kommune som skal gjeld kommunalt tilskot til dugnad for vanleg , rutinemessig vedlikehald og reinsing av både fotballbane (årleg) og kunstdekke i løpebanane og nærmiljøanlegga (2.kvart år).

## OPPSUMMERT

For to av fire spelemiddelsøknader knytt til prosjektet er spelemidlane utbetalt, mens ein har fornya søknadane for dei to andre for 2017.

Masfjorden kommune forskotterer forventa utbetalt spelemidlarfor Bjørn West IL og Masfjord Fotballag fram til dei vert utbetalt.

Anlegga som er etablert på Matre Idrettsbane og nærmiljøanlegg er eigd av Idrettslaget Bjørn West, Masfjord Fotballag og Masfjorden kommune. Alle eigarane av anlegga har, gjennom inngåtte avtalar, eit gjensidig ansvar for alt vedlikehaldet.

Prosjekt Matre idrettsbane og nærmiljøanlegg er gjennomført med eit mindreforbruk - sett i høve budsjett - på 0,35 %.